

Viser til dårlege søkjartal til Transport- og logistikkfaglinja både i Nordfjord, Sogn og Sunnfjord.

Opplæringskontoret for Transport- og logistikk er verkeleg bekymra for utviklinga i søknad til linjene, og vil iverksette ytterligare tiltak mot vidaregåande skular. Dette for å auke interessa for det viktige sjåføryrket.

Opplæringskontoret har i mange år jobba målretta for å styrke kompetansen og rekrutteringa til yrket. Mykje er gjort og i inneverande år er det 60 dyktige lærlingar i arbeid rundt om i fylke. Desse lærlingane gjer ein framifrå jobb for våre medlemsbedrifter og viktigheten av dette opplæringsløpet er eit "være eller ikkje være" for sjåførrekruttering i Sogn & Fjordane Fylke!

Eit distriktsfylke som Sogn & Fjordane er avhengig av yrkesretta utdanning! Fylket har eit ansvar for tilrettelegging av aktuelle lineval, der Transport- og Logistikk diverre har eit dårleg første val i eit synkande elevgrunnlag.

Rapporten Kompetanse bygging ,utvikling og rekruttering frå 2014 med prosjektleiar Reidar Sandal har sett fokus på alle næringar i fylket og skriv tydeleg på side. 51 – kapittel 8.6:

" Ein bør ha 30 – 40 nye lærlingar pr.år innan godstransport og eit liknande tal innan persontransport

Det er ikkje alle yrke som kan stille 100% lære plass til alle lærlingar. Dette har Opplæringskontoret for transport- og logistikkfag klart i alle år.

Vår henstilling til deg som medlem i Hovudutval for opplæring er at alle dei tre linjene MÅ oppretthaldast. I tillegg er det svært viktig at det kjem VG1 TIP i Stryn, transportfag rekruttera nesten ikkje frå service og samferdsle så dette er nok hovudgrunnen til lite elevar til VG2 i Stryn. I Førde var det tatt inn elevar som ikkje sto helsekontroll for førarkort til lastebil/buss.

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det også slik at dersom vi ikkje har ei god transportnæring i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekka sine nødvendige behov.

Eventuell nedlegging av skuletilbodet vil ta ut botnen på opplæringa og svekke næringa endå meir i forhold til rekruttering. På sikt vil det vere med og gjere fylket mindre konkurransedyktig som bu og arbeidsområde. I tillegg vil ei viktig næring kunne få store driftsvanskar då tilgang til sjåførar er avgjerande for drifta.

Per Andreas Øren
styreleiar